

Helse og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Sogndal 23.8.2013

[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

### Høyringsvar – Revidert forslag til forskrift om marknadføring retta mot barn av usunn mat og drikke

Vi viser til høyringsbrev av 16. mai 2013 om revidert forslag til forskrift om marknadføring retta mot barn av usunn mat og drikke.

Lerum er ei tradisjonsrik familieeigd næringsmiddelverksemd med over 100 års historie, lokalisert i «Saftbygda» Sogndal i Sogn og Fjordane. Lerum er ei hjørnesteinsbedrift i lokalsamfunnet, har 130 tilsette og hadde i 2012 ein omsetnad på 457 mNOK. Hovudprodukta våre er saft, syltetøy og jus. Produkta er tufta på frukt og bær, og det er ei målsetjing for Lerum å legge til rette for auka produksjon av frukt og bær i Norge.

I revidert forslag til forskrift om marknadføring retta mot barn av usunn mat og drikke er saft framleis lista opp i Vedlegget over næringsmidlar som vert omfatta av marknadføringsforbodet mot barn. I høyringsnotatet er det presisert at «usunn» mat er avgrensa slik at berre dei «mest usunne» skal bli omfatta av det føreslegne marknadføringsforbodet, og at dette er energitette, salte, søte eller næringsfattige næringsmidlar. Saft er verken energitett, salt eller næringsfattig, altså ikkje blant dei mest usunne produkta som vi forstår at denne forskrifta er meint å treffe.

Grunngjevinga til at saft er lista opp i Vedlegget er at saft av frukt og bær er omfatta av forskrift om særavgift (Forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter). Saft vart så seint som i 2007 omfatta av denne særavgifta, som inntil då i hovudsak var ei særavgift på brus og leskedrikk. Lerum har ved fleire høve påpeika at å avgiftslegge saft av ekte frukt og bær og leskedrikk/brus likt, er noko vi meiner er urimeleg. Det står i høyringsnotatet s. 22 at «særavgifta for alkoholfri drikke er i seg sjølv ernæringsfagleg grunngjeven». Vi kan ikkje forstå korleis saft som inneheld frukt og bær kan verte likebehandla med brus ut frå ernæringsfagleg grunngjevingar.

Som nemnt i høyringsvar til høyringsbrev av 7. juni 2012, er saft regulert i Forskrift 10. desember 1971 nr 01 om vegetabiliske konserver. Saft er definert i § 11 i denne forskrifta på følgjande måte: «Saft er i disse forskrifter råsaft som kan være tilsatt sukker, men ikke vann. Råsaftinnholdet i saft må være minst 50 g i 100 g, for eplejuft minst 85 g i 100 g.» Råsaftinnholdet i Lerums saft varierer mellom 50 og 97 %.

Saft frå frukt og bær inneheld naturleg viktige vitaminer, mineraler og polyfenoler, og innhaldet vil variere mellom dei ulike frukt og bærsлага. Dette gjeld spesielt vitamin C, men også andre viktige

vitaminer som for eksempel vitamin A og vitamin B, kalsium, jern og kostfiber. I tillegg inneheld saft viktige polyfenoler (antioksidantar) som er nødvendig for ei rekkje viktige funksjonar i kroppen. Til dømes er innhaldet av antioksidantar i Lerums blåbærsaft mål til 4,6 mmol pr 100 g (FRAP analyse utført ved Nofima), noko som er høgt i forhold til andre matvarer. Saft vil vere eit sunnare alternativ enn andre drikkealternativ som ikkje inneheld næringsstoff i det heile. Saft er eit tradisjonsrikt produkt som er ein naturleg del av det varierte norske kosthaldet. Det er viktig for Lerum å tilby produkt som gjer at forbrukarane har moglegheit til å gjere sunnare val i kvardagen og ha eit positivt kosthold.

Vi meiner at dei ulike produkta som er lista i Vedlegget ikkje er behandla på like vilkår. I det reviderte forslaget av Vedlegget ser vi at yoghurt har fått endra føresetnadar nettopp med same grunngjeving som vi nyttar for saft. På side 26 og 27 i høyringsnotatet står det at «yoghurt er eit produkt som naturleg inneheld mange viktige næringsstoff som blant anna kalsium, protein og vitaminer». Saft er også eit produkt som naturleg inneheld viktige vitaminer, mineraler og polyfenoler (antioksidanter). Departementa foreslår å heve grenseverdien for sukker og feitt i yoghurt. Departementa meiner også at dei nye grensene vil gi produsentane ein spore til å endre produktsamansetning og drive innovasjon for å utvikle sunnare produkt. Den moglegheita ynskjer Lerum som ein viktig aktør i verdikjeda for frukt og bær i landet også å ta del i.

Vi er samde i at slike grenseverdier kan gi incitament til å utvikle sunnare produkt og vil med bakgrunn i det som er gjort for yoghurt, foreslå ei endring i Vedlegget under punktet for Drikkevarer:

Med bakgrunn i det som er nemnt over, foreslår Lerum eit nytt unntakspunkt i næringsmiddelgruppa «Drikkevarer»:

e) «Saft definert i forskrift om vegetabiliske konserver § 11 som inneholder mindre enn 10 gram sukkerartar per 100 ml ferdig drikke».

Med eit slikt unntak vil dei saftprodukta med minst frukt og bær og meir sukker verte råka av retningslinjene, medan saftprodukt med mykje frukt og bær og mindre sukker kjem inn under unntaket.

Lerum er samd i at eit sunt og variert kosthold er viktig for barn og unge si helse og trivsel, og støtter målsettinga om å førebyggje og redusere overvekt i befolkninga. Lerum har investert betydelege midlar i FoU dei siste åra for å utvikle sunnare produkt, og det ynskjer vi å halde fram med.

Lerum ynskjer å ta samfunnsansvar for det samfunnet som vi er ein del av. Vi har nemnt satsinga på utvikling av sunnare produkt, men ei heilt anna side av dette samfunnsansvaret er dei store midlane vi kvart år sponsar til lag og organisasjonar lokalt og regionalt. Gjennom sponsing legg vi til rette for at barn og unge kan drive fysisk aktivitet. Vi ser at punktet om sponsing i det reviderte forslaget til forskrift er endra til å ikkje omfatte bruk av sponsors namn, varemerke og logo. Ein del av sponsorverksemda vår, er å gi ut drikkeprodukt til ulike arrangement der både barn, ungdom og vaksne deltek. På side 16 i høyringsnotatet er utdeling av gratis brus til barn på idrettsarrangement nemnd som eit eksempel på ulovleg marknadsføring. Vi meiner det ser stor forskjell å dele ut brus og å dele ut saft på idrettsarrangement. Ein viktig del av vår sponsorpraksis i dag er å dele ut gratis saft for eksempel i skiløypa eller under sykkelarrangement der både barn, ungdom og vaksne deltek. Vi tolkar det reviderte forslaget slik at vi ikkje kan gjere dette i framtida. Det vil igjen medføre at vår

sponsorverksemd vil verte betydeleg redusert, og mange lag og organisasjonar vil verte råka. Vi ber departementet vurdere om forbod om utdeling av gratis saft i skiløyper og under andre idrettsarrangement der barn deltek er ein utilsikta konsekvens av det føreslegne nye regelverket om marknadsføring retta mot barn av usunn mat og drikke.

Lerum sluttar seg til opprettinga av Matvarebransjens faglege utval (MFU). Lerum støttar dei nye frivillige retningslinjene for marknadsføring av mat og drikke retta mot barn, men meiner at produktlista i dei frivillige retningslinjene må vurderast med same grunngjeving som i dette brev.

Oppsummering:

Vi meiner at saft ikkje er energitett, salt eller næringsfattig, og at den inneheld viktige vitaminer, mineraler og polyfenoler. Den høyrer dermed ikkje heime blant dei mest usunne produkta som denne forskrifta er meint å treffe. I forslaget til revidert forskrift er saft inkludert i Vedlegget fordi det er knytt ei særavgift til produktet i ei anna forskrift. Lerum meiner at det ikkje er grunnlag for å inkludere saft i Vedlegget på dette grunnlaget.

Vi meiner at saft bør behandlast på same måte som yoghurt i det reviderte forslaget, og ber departementa om å innføre grenseverdiar for saft slik som det er gjort for yoghurt.


Vi meiner at sjølvregulering er eit betre verkemiddel enn reguleringar i forskrift.

Lerum meiner det er behov for ein gjennomgang og presisering av kva formuleringane i forslaget til revidert forskrift inneberer når det gjeld vår sponsorverksemd som for eksempel å dele ut gratis saft under norske tradisjonsrike idrettsarrangement.

På førehand takk for at våre merknader blir teke omsyn til.

Med vennleg helsing

Lerum Fabrikker AS

  
Trine Lerum Hjellhaug

Adm. direktør